

## Periodiske emnerapportar – haust 2010

### FRA2510 Algerie-krigen

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av 13 emnepåmelde studentar leverte 6 kvalifiseringsoppgåve og fekk ta heimeeksamen (3 som fjernstudentar). 2 kandidatar fekk karakteren B, 4 fekk C. Resultatet er absolutt tilfredsstillande og vitnar om godt akademisk nivå og god arbeidsinnsats (sjå elektronisk evaluering). 2 kandidatar har levert elektronisk evaluering, og den viser at emnet har stort sett gitt det utbytet og vore så engasjerande som dei forventa.
- 3 2-4 studentar (både BA- og MA-studentar) har følgd visningane av dokumentarfilmar knytte til emnet. Dei har gitt uttrykk for at dei har hatt stort utbyte av det.
- 4-6 Ingen særskilde kommentarar.

### FRA4514

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av 6 emnepåmelde studentar tok alle 6 eksamen. 3 fekk karakteren B, 2 fekk C, og 1 fekk F. Kandidaten som strauk, leverte berre ein disposisjon + bibliografi (det gjeld den studenten som ikkje tok eksamen på FRA4517, og som no har mista studieretten). Resultatet for dei andre fem er tilfredsstillande og speglar ein solid arbeidsinnsats med emne til å forbetre både innhald og språk frå den første til den endelege versjonen av eksamensessayet. Dessverre har ingen levert elektronisk evaluering.
- 3-6 Sjå over (FRA2510).

Blindern, 14. januar 2011  
Svein Erling Lorås